



07.11.2013

NVE
Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Arkivsak: 13/2245
Løpenr.: 13/13294
Sakshandsamar:
Steinulf Skjerdal

Melding om politisk behandling - Søknad om løyve til bygging av Storelvi Øvre og Storelvi Nedre kraftverk

Vi viser til dykkar skriv dat. 21.08.13.

Det vert med dette gjeve melding om at Kommunestyret har gjort slikt vedtak i møte den 07.11.2013, sak 73/13:

«Luster kommune syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Storelvi Øvre og Storelvi Nedre kraftverk på Veitastrond med tilhøyrande elektriske anlegg på følgjande vilkår:

- 1. For begge kraftverka skal minstevassføringa i perioden 1/10 – 30/4 setjast lik 5-persentilen vinter, dvs. 0,67 m³/s.*
- 2. For Storelvi Øvre kraftverk skal minstevassføringa i perioden 1/5 – 30/9 setjast til 2,5 m³/s.*
- 3. For Storelvi Nedre kraftverk skal minstevassføringa i perioden 1/5 – 30/9 setjast lik 5-persentilen sommar, dvs. 7,15 m³/s.*
- 4. Kraftverka må byggjast på ein måte som tek vare på jettegrytene i området.*
- 5. Det må setjast krav til støydempende tiltak ved bygging av kraftstasjonane og val av utleppsløysing slik at støynivået held seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442.*
- 6. Utbyggingane må elles utførast med dei avbøtande tiltaka som går fram av søknaden.*
- 7. Tilrådinga gjeld uavhengig av teknisk løysing som vert valt for vassvegen, tunnel eller nedgraven rørgate.»*

Vedlagt fylgjer saksutgreiing i saka, og protokoll frå kommunestyret si handsaming. Dette brevet vert sendt pr. post og pr. epost til nve@nve.no

Med helsing

Anita Bjørk Ruud
Politisk sekretariat

Vedlegg: Saksutgreiing og saksprotokoll frå kommunestyret.

ADRESSE: Rådhuset 6868 GAUPNE	TELEFON: Sentralbord: 57 68 55 00	TELEFAX: 57 68 55 01	E-POST ADRESSE: postmottak@luster.kommune.no	ORGANISASJONSNR. 964 968 241 Bankgiro: 3785.07.00142
--	--	--------------------------------	--	---